

NVE
Pb. 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dato: 29.11.2016
Vår ref.: 2016/8863-4
Saksbehandlar: jannor
Dykkar ref.: «REF»

Avgrensa høyring. Endring av manøvreringsreglement i Mannsvatnet i Kvinnherad kommune. Administrativ fråsegn.

Vi syner til brev dagsett 18.10.2016 med søknad om endring av regulering av Mannsvatnet i samband med bygging av Tverrelva kraftverk i Kvinnherad kommune.

Tverrelva kraftverk AS fekk konsesjon 05.06.2013 ved kongeleg resolusjon. I konsesjonen vart det gjeve løyve til å regulera Mannsvatnet med 1 m mellom kote 565 (LRV) og kote 566 (HRV). Kote 565 er å rekna som normalvasstand. Den 27.09.2016 søker utbyggjar om å få endra reguleringa til 1,0 m mellom HRV på kote 565 og kote 564. Endringa vert då å senka vasstanden med 1 meter.

Med omsyn til *kulturminneverdiar* er det ingen registreringar under vatnet, verken av automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Det har likevel vore ein del stølsområde i nærleiken, men ut frå oversikta i boka «Stølar og setrar i Kvinnerad» er det ingen stølar i direkte nærleik som vert påverka av ei eventuell reguleringsendring.

Fylkeskonservatoren har ingen vidare merknader til endringsframlegget.

Når det gjeld *natur og miljø* vil vi peika på at tiltakshavar i konsesjonssøknaden argumenterte for at reguleringa med 1 m mellom kote 565 og 566 ville ha positive verknader for brukarane av området. Ved at vasstanden vart heva med om lag ein meter, ville det bli lettare å nytta båt på vatnet, og strandsona ville bli meir tilgjengeleg. At det vart fiska i Mannsvatnet, blei lagt vekt på. I høve biologisk mangfald er det nemnt at strandsnipe (raudlisteart NT) kanskje hekkar i området.

Under oppstart av detaljplanen for prosjektet vart det gjennomført synfaring og oppmåling av damområdet. Ein konkluderte då med at «på grunn av relativt flatt terreng ville store områder bli neddemt». Dette er bakgrunnen for søknaden om å endra manøvreringsreglementet ved å senka vasstanden med 1 meter.

Hordaland fylkeskommune vurderer det slik at dei positive verknadene for landskap og friluftsliv i eit verdifullt og mykje brukt fjellområde er større enn evt. negative verknader for strandsnipe og tilkomst til fiske.

Med omsyn til verdiar knytte til *natur og miljø* vil Hordaland fylkeskommune difor rå til søknaden om endra manøvreringsreglement.

Vi seier oss elles leie for at høyringsfråsegna kjem nokre dagar etter fristen 22.11.2016.

Sølve Dag Sundbø
klima- og naturressurssjef

Jan Nordø
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lars Øyvind Birkenes